


SLEKTSTEMNE
FOR ETTERKOMARANE TIL
OLAVIUS OG GURINE



ULSTEINVIK
3 AUG - 85

Far: Olavius Johannes Olesen Alme

f. på Little-Alme 30. juni 1865, d. 23. mars 1945

Mor: Gurine Marie Karlsd. Ulla i Haram

f. på Ulla 15. mai 1876, d. i Ulsteinvik 29. juli 1948

Dei vart gift i 1896

Olavius (skreiv ofte Olaus) var i sine første ungdomsår med i torskefiske på åttring i lang med skyldfolket sitt. Dei låg til fiske i Furkenholmen ved Godøya. Der låg og båtlag frå Ørsta. I eit av desse laga var ein kar som heitte Anders Hovden. Ein og annan sundag gjekk desse to karane, ilag med andre ungdomar, ut til Hoggsteinen og heldt gudsteneste der. Anders var "prest" og Olavius var "klokkar".

Olaus gjekk på 2-årig lærarskule i Hamar. Dit var det ikkje så enkelt å kome. Han fylgde ei førsle-skute til Andalsnes. Der tok han seg arbeid hos ein kar som skulle til Gudbrandsdalen med ei fedrift. Men dette gjekk seint, Olavius vart redd for å gå glipp av opptaksprøva. Difor skilde han lag med fedrifta på Dombås. Der ifrå fekk han lag med ein underoffiser og gjekk til Lillehammer. Frå Lillehammer fylgte Olavius "Skibladner" til Hamar. Sommaren mellom skuleåra tok han seg slåtteteneste på ein gard (Storhammer gård).

Første lærarposten fekk han i Haram, m.a. i Ulla krins i 1893. Han var ein vakker og kraftig kar. Gamle folk snakka ofte om kor sver han var til å springe. Han tok ein stor bukk, som ikke hadde vore i folkehend på mange år, på opa mark. - Men då han fria etter Gurine, sa "Lars-Karl" tvert nei. Slik ein fattig lærarslamp ville han ikkje kaste bort dotter si til. Han hadde ikkje stemmerett eingong! Men Lars-Kristi, mor til Karl, som visstnok var ei myndig dame, slo i bordet og sa: "Dei ska' 'a kvarandre, for 'anj e' enj so go' manj at 'o får kje betre!" Og slik vart det.

Gurine overtok ansvar for fjøsen på heimegarden etter at ho var konfirmert. 10 kyr stelte ho. Mjølka vart levert til "Ulla melkebolag" i Ålesund. Fjøsen vart derfor underlagt inspeksjon frå helsevesenet i Ålesund og ho fekk fleire premier for godt stell.

Eit år gjekk ho på Amts-skule (eit slag folkehøgskule) på Ørskog.

Det unge ekteparet for til Langevågen, der han fekk lærarpost. Her var dei i 4 år, og ettersom eg forstod mor, hadde dei ei overlag gild tid her. Dei fekk mange gode vene, mellom andre fabrikkeigar Devold som hadde sterke interesser i ungdomsarbeidet o.a.. Ole og Ingebjørg vart fødde der.

Men ein betre post lokka. Han søkte og fekk klokkar- og lærarposten i Ulstein i 1900. Det var skulen i Hasund som hørde til klokkarposten, og dei flytta dit. Ein liten dampbåt, "Sulaguten" skyssa dei. "Sulaguten" gjekk i rute Langevåg - Ålesund. Det var Devold som åtte den, og han gjorde som han ville, så den dagen måtte vel folk i Langevåg halde seg heime. Turen var gratis. Dei budde hos Knut J. Sundgot, og Astrid Valborg kom til verda her (30. mai 1901). Men nett i denne tida vart prestegarden i Dimnasund sold, like eins klokkargarden på Hofset. Presten flytta til Ulsteinvik og han ville ha klokkaren med seg. Ja, så vart det å flytte igjen.

Denne vinteren (1901 - 02) budde dei hos Martinus Osnes (Iverhaugen). No kjøpte dei eit jordstykke - 2 mål av Andreas Osnes (Gotebakken), 5 mål av Martinus Osnes (Iverhaugen), betalte kr 425 for det minste og kr 900 for det største. 1325 kr i alt. Ikkje så radt lite som mange vil ha det til - etter den tids pengeverd.

Allereide hausten 1902 kunne dei flytte inn i eige hus. Her levde dei då resten av sine dagar. Dei kalla staden Breidablik, og mange meiner at namnet høver godt, både i praktisk og overført tyding. Dei vann seg godhug og vyrnad i bygda bæ to, kvar på sin måte.

Gnr. 64 Little Alme

Om namnet, sjå Store Alme. Tidleg på 1600-talet er garden stundom også kalla Holene.

Garden ligg på strandå nordaust for Store Alme. Mellom tuna på dei to gardane er det knapt 2 km. Innmarka er noko småkupert. Her er ikkje store flater som kan skape grunnlag for større bruk. Lendet har svak skråning opp frå strandå, men stig bratt opp bak bøgarden. Garden har vore einbølt sidan først på 1600-talet. Til tunet i grannegarden Haugen nordanfor er det over ~~4~~ km.

Her er ikkje registrert noko funn av fornminne. Garden har visseleg opphavleg vore eit underbruk av ein annan nærliggande gard, mest truleg Store Alme.

Little Alme er av dei små gardane som i eldre tid vart sett i den lågaste skatteklassa, dei såkalla Øydegardane, med $\frac{1}{4}$ skatt. Av eldre skrifter går det fram at garden er tungdriven og beite skralt. Sauene har difor vorte sende på sommarbeite til Store Alme og gått i sambeite med sauene der. Bjarne Alme har fortalt at dei brukte å sende hesten også på beite andre stadar sommarstida, antan til Haddal eller til Fjelle. Der fekk dei nytte hesten som vederlag for foret. Sjølve måtte dei bere inn høyet på ryggen. Men i skuronna fekk dei heim att hesten, og då drog han kornet på dragsleden før dei fekk høyvogn.

Dei spadde ikkje torv på garden før i nyare tid. Her var alltid så godt om bjørk og oreved. Men i 1927 kjøpte dei seg eit torvstykke i Hjørdalsmyrane av Olai Hjørungdal. Med torvspadinga vart det slutt ikring 1955.

Garden har hatt kvern. Den stod nedanfor vegen, nord for husa, rett ovanfor nauster, men kverna var borte i 1910, sa Bjarne Alme, der låg att to halve kvernsteinar. I nyare tid fekk dei male kornet anta i Liavågen eller på Søre Vartdal.

Ikring 1805 gjekk der eit steinras på Little Alme. Det var på der tid Ola og Gullik, sönene til Gullik Olson, var små. Den eine av desse gutane var oppe i fjellsida og gjætte geitene. Så delte geiteflokkon seg, og guten fekk det travle med å samle flokken igjen. Medan han heldt på med dette gjekk raset og tok med seg den største geiteflokkon, medan den minste og guten gjekk klar. Den andre småguten som stod ned i tunet, såg at raset tok geiteflokkon, og trudde at broren fylgte med. Han tok difor til å gråte, men vart trøysta då dei såg at han var i live. Raset kom ovanfrå Ramnehammaren. Der er det svært bratt og ulendt. På ein stad der heiter Tripet kan dei så vidt ta seg fram. Det var store steinblokker som losna, men det meste stoppa ovanfor bøgarden. Ein Stein som landa nede på bøen kallar dei Flatsteinen.

Om gardsdrifta, avling og buskap o.l.

I 1626 sår brukaren på Little Alme 2 t. korn.

I 1658 forar han 1 hest, 1 okse, 7 kyr, 4 geiter og 8 sauar.

1667: Brukaren sår $3\frac{1}{2}$ t. korn og avlar 10. Han forar 12 naut og 1 hest.

1714: Det verdsådd $3\frac{1}{2}$ t. havre og avla 10 t.^{ff}. Foring 1 hest og 10 naut.

1724: Garden som ligg ved sjøen er tungdriven, men viss om korn. Her er skravt om beite for krøtera, men litt skog til brennemang. Det vert

nemnt at elvelaup gjer skade. Ei lita kvern som høyrer garden til er nemnd. Brukaren sår $\frac{1}{4}$ t. bygg og 3 t. havre og avlar $\frac{1}{2}$ t. bygg og 10% t. havre. Foring: 1 hest, 5 kyr, 5 ungdyr, 7 geiter og 6 sauier.

1803: Garden har for lite beitemark, men nok skog til brennerefang. Brukaren sår $2\frac{1}{2}$ t. havre og avlar 6 fold. Han førar 1 hest, 8 storfe og 10 småfe.

1818: Brenneved er her nok av, hamninga er av ringaste slaget. Til gardskrifta går det med 2 årsverk. Brukaren sår $\frac{1}{2}$ t. bygg, og 4 t. havre. Han avlar 4 t. bygg, 16 t. havre og 6 t. poteter, og forar 5 kyr, 6 ungdyr og 18 småfe.

1865: Garden har 20 mål åker og dyrka eng og 32 mål natureng, steinut surjord. Det vert sådd 4 t. havre, 1 t. bl.korn, $\frac{1}{4}$ t. bygg og 3 t. poteter. Pårekna avling: 20 t. havre, 7 t. bl.korn, 5 t. bygg, 16 t. poteter og 49 lass høy. Foring: 1 hest, 5 kyr og 7 sauier. Hamnegangen er mager og utilstrekkeleg. Her er bjørkaskog til hus bruk.

Matrikkelgarden

Skylda var i 1626 1 v. fisk, sett opp til 1 v. 9 mrk. i 1667 og stod uendra med det til 1838. Då vart skylda omrekna til 2 skylddalar 2 ort 4 skl., og i 1890 til 3,19 skyldmark.

Eigarar

Hareid kyrkje og presten i Volda står som eigarar i 1651 av kvar sin halvpart i garden, kvar av dei to rådde over sitt. Noko seinare overtok presten i Ørsta Voldapresten sin part. Ørstakyrkja var då anneks under Volda. Ole Olson Vik kjøpte Ørstakyrkja med alt underliggende kyrkjegods i 1723 av kong Fredrik. Seinare eigarar av denne gardparten er madam Castberg og Johan Heide. Chr. Rønneberg kjøpte Hareidskyrkja og vart dermed eigar av den andre gardparten. Oppsitjaren Bernt Johannesson løyste inn både kyrkjepartane i 1879.

Bnr. 1

Kring 1520

Ingen brukar er nemnd her i Tiandepenningskatten 1519–1521. Garden var truleg øydegard.

Det er nemnt to brukarar på Little Alme fram til 1616. Brukartihøva kan minne om Store Alme, der det også ser ut til at det var to bruk ei tid etter 1600.

1795–

Gullik Olson Saltre, Vartdal, 1767 – sk. 1809

g. Brit Dlsdtr. Sulebakk, 1772–

Borð Ole, på bruket. Gullik, Grimstad 2.

Gullik vart utskriven soldat og døydde i Fredriksvern medio november 1813. Segna seier at han hadde vore ute til sjøs i unge år. Då han vart utkommandert til København skulle han rigge og sy segl til sunnmørsfartingar som skulle sigle med korn til Norge. Då Brit vart sitjande att på bruæt æleine, fekk ho seg ei dugande tenestejente frå Saltre og Vartdal. Dei fiska lenge i fjorden og laga borkebrød og leid inga naud (etter Elias P. Grimstad).

I skriften etter Gullik er Brit ikkje nemnd. «Enkja» Synnøve Jonsdtr. er oppførd. Brit må då vere død, og Synnøve er den tenestejenta som var på garden. Kva som er rett, er vanskeleg å seie.

1809-

Rasmus Pederson Overå, Overå 1

g1. ~~en~~ke Brit Olsdtr. sjå ovanfor

g2. Synnøve Jonsdtr. Kvien, Vartdal, f. 1757–1810.

g3. ~~1812~~ enkje Ingeborg Anna Pedersd. Haugen, enkje etter Erik Rasmussen Haugen.

Rasmus fekk bygslebrev av Hareid kyrkje på 1 v. 9 mrk. fiskeleige i L. Åke i 1909 «som Gullik Olsen før ham har brukt, men nu er fradød, og ikke han følger». Hareid og Ørsta kyrkjer åtte kvar sin halvdal i garder. Kvar åtte 1 pund 16½ mrk. For Hareid sin part betalte han 25 rdledensk courant. Han skulle legge kår til den gamle enkja Synnøve med ~~med~~ bygg, 6 v. havre, for til ei ku, ei geit og ein sau. I 1820 sa han fra seg årket til styksonen.

1820-

Ole Gullikson Little Alme, 15.6. 1798–28.4. 1879

g. ~~1811~~ Brit Jonsdtr. Melbø, Vartdal, 1.12. 1795–15.4. 1863.

Born: Gurine, Hareid 3. Ragnhild 14.4. 1823. Synnøve Ingeborg 8.3. 1825 g. 1851 Nils Jørgenson Romestrand. Berte, Bjåstad 2. Ole Johan, n.br.

Ole fekk bygslebrev fra Hareid kyrkje, datert 11.11. 1820. Han betalte 30 spdlr. til Hareid kyrkje for kyrkja sin part. Han la kår til Rasmus og Synnøve.

1858-

Ole Johannes Olson Alme, 28.12. 1832–21.2. 1871

* g. 1858 Anne Olava Toresd. Hjørungdal, Hj.dal 1, 5.6. 1834–30.6. 1904.

Born: Tomesina, Øvrelid 3. Berte 30.12. 1860, g. 1887 Nils Olson Buset, utv. til Minnesota, U.S.A. Oluffa 15.2. 1863, g. 1886 Lars Ottarson Flåvik, Vartdal, utv. til Minnesota. Olaus, Osnes 14. Ole f. 2.0. 1867, utv. til Amerika, misjonær i Afrika. Ivar 9.11. 1870 †.

Ole fekk bygslebrev fra Hareid og Ørsta kyrkje 15. mai 1858. I 1865 hadde bruket 20 mål åker og dyrka eng og 32 mål natureng. Det vart sådd ut 4 t. havre, 1 t. bl.korn, $\frac{1}{2}$ t. bygg og 3 t. poteter. Pårekna avling: 20 t. havre, 7 t. bl.korn, 5 t. bygg, 16 t. poteter og 49 iass høy.

Ole sitt båtlag forliste ved Furkenholmen i torskefiskja 1871. Heile mannskapet med unnatak av ein var frå Almestranda, alle kom bort. Gurine Olsdtr. Saltre, f. 1822, tente på bruket. Med Kristen Jonson Myrvold hadde ho sonen Ole, f. 19.2. 1848. Han var med båtlaget. Gurine var til store hjelp for enkja då mannen fall ifrå.

1875-

Bernt Johannesson Sulebakk, 20.8. 1846–17.9. 1924

g. 1875 ~~en~~ke Anne Olava, sjå ovanfor.

Børn: Olaf Johan, n.br.

Bernt kjøpte bruket i 1879. Han fekk skøyte frå Ørsta og Hareid kyrkjer for kr. 3200.

1902-

Olaf Berntson Alme, 30.11. 1876–30.5. 1952

g. 1900 Marthea Larsdtr. Engene, Overå 4, 15.8. 1876–21.12. 1959.

Born: Bjarne, n.br. Leif Egil 9.5. 1905–21.6. 1943, g. ~~1905~~ / Petra Helgesdtr. Stensaker, Innvik.

Skjøte 1902 frå Bernt Little Alme til sonen Olaf for kr. 2000 og kår.

Bjarne Olafson Alme, 22.12. 1902

g. 1927 Lydia Olafsdtr. Hjørungnes, Hj.nes. 2, 20.8. 1904.

*Born: Olav 31.10. 1927, g. Tordis Isdal, lærar i Spjelkavik. Kristi,
Brandal 14. Odd, Brandal 170. Magnhild 10.9. 1933, g. Ola Yndesdal,
bor på Bryne. Annlaug, n.br. Bjarte 18.6. 1938, g. Berglot Melsæt ~~H~~ frå
Ålesund, lærarbusett i Volda.*

Bjarne fekk heimelsovergang til bruket i 1960.

Olav Jakobson Bratli, Brandal 87, 19.8. 1929

g. 1958 Annalug Bjarnesdtr. Alme, 29.6. 1935.

*Born: Leiv ~~et~~ 20.4. 1959. Kristine 30.9. 1960. Anne Oleif 1.4. 1964.
Linda Beate 4.7. 1966. Bjarne Jakob 20.4. 1972.*



På Reiten

Frå venstre: Ole, Ingebjørg, Karl, Astrid, Kristi,
Hanna, Ottar og Bjarne




Ottar, Ingebjørg, Kristi, Karl, Ole, Astrid, Hanna, Bjarne



Søstrene Alme: Kristi, Ingebjørg, Astrid og Hanna



I hagen på Reiten: Ingebjørg, slektning frå Amerika, Olga Lid,
bestemor, Astrid, Ottar, Karl, bestefar, Bjarne og Kristi



Frå venstre: Olavius, Gurine, Sevrine Ulla, Hanna Åkre, ein ukjent, Petrine Ulla og Hans Ulla



Olavius, Gurine, Astrid, Hanna, Kristi, Ingebjørg, Karl, Ottar, Bjarne - dei andre er ukjende



Olavius og Gurine



Olavius og Gurine med Bjørg Seljeflot på fanget



Olavius, Hanna, Ottar Bjarne, Gurine, Clara, Ingebjørg, Kristi og Karl



Olavius og Gurine med Karl, Bjarne og Ole
Dei andre er vi ikkje sikre på - kanskje nokon kan hjelpe?

Dette er ikkje meint å vere fullstendig slektshistorie. Då må ein gå til bygdebøker for Vartdal, Hareid og Haram. Vi har tekje med det som var lett tilgjengeleg uten å sjekke kjeldene, og feil kan nok finnast.
